

Austrheim kommune
Att. Asbjørn N. Toft
Sætre marka 2
5943 Austrheim

Lindås kommune
Att. Christian H. Reinshol
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Telefon
+47 56 57 00 70
Fax
+47 56 57 00 71
E-postadresse
post@abo-ark.no
Webadresse
www.abo-ark.no
Postadresse
Postboks 291, 5203 Os
Besøksadresse
Hamnevegen 53, 5200 Os

18.08.2015

REGULERINGSPLAN FOR JOHAN SVERDRUP OLJERØYRLEIDNING FRÅ BERGSVIKHAMN TIL MONGSTAD

OFFENTLEG ETTERSYN AV PLANFORSLAG –ENDRINGAR AV PLANFORSLAGET MED NY AVGRENSING AV FARESONE H350 OG SIKRINGSSONE H190

Det vert vist til offentleg ettersyn av planforslag Reguleringsplan for Johan Sverdrup oljerøyrleidning frå Bergsvikhamn til Mongstad planID 2014002.

Med bakgrunn i vidare arbeid med prosjektet ser ein at enkelte tilhøve ved planen er naudsynt å endre. Det vert derfor sendt merknad frå ABO Plan og Arkitektur AS på vegne av tiltakshavar Statoil Petroleum AS til planen slik den ligg føre ved offentleg ettersyn.

Det er ynskje om å endre følgjande i reguleringsplanen:

1. REDUKSJON AV FARESONE H350 FOR TUNELLANE - ØKNING AV SIKRINGSSONE H190

Faresone H350 (Brann- og eksplosjonsfare) er regulert langs oljerøyrleidning i grøft til og med forbi tunnelportalar. Der tunnel har større overdekning enn 35 meter er det regulert sikringssone H190 (anna sikringssone) for tunnelen. Denne avgrensinga mellom H350 og H190 blei gjort tidleg i reguleringsprosessen med utgangspunkt i terskelfjordtunnelen der det ikkje er eksisterande bygningar langs tunneltraseen der overdekning er mindre enn 35 meter. For Litlåstunnellen er det kun eit mindre parti der overdekning over tunnelen er større enn 35 meter og her er hovuddelen av tunnelstrekket i forslaget regulert med H350. For Litlåstunnellen vil ein godkjent reguleringsplan med foreslått avgrensing mellom H350 og H190 føre til, at dersom eksisterande bygningar i H350 brenn ned, vil ein ikkje kunne føre desse bygningane opp att. Med bakgrunn i at det er gjennomført nye sikkerhetsavklaringar og arealbruken ved tunnelpåhugga er nærmare studert og definert kan denne faresone (H350) reduserast til 15 meter bak tunellportal. Ein vil da kunne redusere konsekvensane av tiltaket for bygningar over Litlåsen vesentleg og bygg vil ikkje lenger være i strid med faresone H350.

2. ENDRE FARESONE H350 TIL SIKRINGSSONE H190 FOR KORROSJONSVERN

I reguleringsplanen er det i faresone H350_2 og H350_4 sett av område for anlegg til korrosjonsvern av oljerørleidningen. Dette anlegget er eit lavspenningsanlegg og ikkje eit anlegg som det er knytt brann- og eksplosjonsfare til. På bakgrunn av dette bør denne faresonen endrast til andre sikringssoner H190, med nærare spesifisering som lågspennanlegg.

3. RETTING AV STATUS - INTERN VEG INNANFOR INDUSTRIOMRÅDE MONGSTAD

I reguleringsplan for Johan Sverdrup oljerørleidning er det regulert ein offentleg veg o_SKV6 med anna vegareal og gang- og sykkelveg o_SGS7 innanfor industriområdet til Statoil Mongstad på eigedomen gnr. 127 bnr. 74. Dette er ikkje i samsvar med gjeldande plan for Industriområde Mongstad – nordre del og skal endrast til å være ein intern veg som er ein del av industriføremålet.

Dette er førebels dei endringar vi ser er naudsynt å gjennomføre i samband med revidering av plan etter offentleg ettersyn. Vi ber derfor om at desse innspelane er med i den vidare prosessen med reguleringsplanen.

Med venleg helsing
ABO Plan & Arkitektur AS


Arne Kristian Kolstad

Kopi: Statoil Petroleum AS, Postboks 8500 Forus, 4035 Stavanger